

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 10.12.2019

Fylkesordførar gav slikt svar:

«Eigedomen vart i samsvar med fylkestinget sitt vedtak av 12.12.2018 lagt ut for sal i den opne marknaden tidleg i 2019 gjennom Fana Sparebank Eiendom AS, som fylkeskommunen har rammeavtale med. Den vart annonsert med prisønske kr 23 mill., som er i samsvar med innhenta næringstakst.

Eigedommen har vore marknadsført breitt og det har vore visningar. Tilbakemeldingane frå interessentane er at taksten er alt for høg.

Næringsmeklar har i perioden frå våren 2019 vore i dialog med dei ulike interessentane, og 3. desember 2019 kom det første bodet frå ein av desse, som er på kr 6 mill. Næringsmeklar er no i kontakt med dei andre interessentane.

Dersom høgaste bod vert lågare enn 90 % av prisønske, må bodet godkjennast av fylkesutvalet.

Det var kursverksemd i bygget fram til sommaren i år, og delar av bygget er no utleigd gjennom kortsiktige leigeavtalar.»